



Teknisk drift

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1513 - 17/9662

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
31.07.2017


## Byggesak gbnr 74/39 Olsvollstranda - treningslokale - mellombels dispensasjon frå arealføremål i plan - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om mellombels dispensasjon frå arealføremål i plan næring (industri) til arealføremål service/tenesteyting. Dispensasjonen skal gje grunnlag for å søkje om bruksendring av del av eksisterande kurslokale (ca. 150 kvm) til treningslokale.

Det er søkt dispensasjon for 3 år.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som etter reguleringsplan for Olsvollstranda, planid. 12602014000600, har arealføremål næring.



Utsnitt frå reguleringsplan

Etter reguleringsføresegna § 3.2 kan eigedomar med arealføremål Næring nyttast til

*(...) industribygg, lagerbygg, tilkomstvegar og parkering knytt til desse*

Publikumsretta næring/tenesteyting inngår ikkje i arealføremålet.

### **Bygningsstatus**

Eksisterande bygning på eigedomen har bygnigsskode 219 Anna industribygning.

### **Tilkomst og avskjørsle**

Eigedomen har avkjørsle til kommunal veg med vidare avkjørsle til fylkesveg 565.

### **Vurdering**

Det må leggjast til grunn at kommunen vil vurdere å gje dispensasjon i saka.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 74/39 Olsvollstranda - mellombels dispensasjon frå arealføremål i reguleringsplan

1+SV+\_120493.pdf

1+SV+\_120494.pdf

1+SV+\_120495.pdf

### **Kopi til:**

Haukeland Invest AS	Vetåsvegen 77	5938	SÆBØVÅGEN
---------------------	---------------	------	-----------

### **Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Teknisk drift			